



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Hermund Mjelstad  
Telefon: 57643124  
E-post: fmsfhm@fylkesmannen.no

Vår dato  
22.01.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/350 -  
Dykkar referanse

Rovviltnemnda Region 1  
Postboks 59  
4001 STAVANGER

## Rapport - tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga 2013, kap 1427.73

Vi viser til protokoll frå Rovviltnemnda i Region 1 om midlar til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i høve til rovviltskade i Sogn og Fjordane der det vart tildelt kr 310.000,- til tiltak og kr 150.500,- til tenestekjøp, drift og vaktberedskap.

### Midlane har vore disponert slik:

#### 1427.73 Tildelt kr 310.000,-

Legehagen og Årdalskupa beitelag, ekstraordinært tilsyn grunna k.ørn:	kr 30.000,-
Tidleg nedsanking, John Olav Husabø, Sogndal kommune:	kr 6.300,-
Tidleg nedsanking, Arnold Berge, Sogndal kommune:	kr 3.360,-
Tilskot til sanking/leiting, John Olav Husabø, Sogndal kommune:	kr 10.800,-
Fortun beitelag, ekstraordinært tilsyn og gjeting:	kr 80.000,-
Tilskot fylkesfellingslaget rovvilt:	kr 60.000,-
Solvorn og Hafslo beitelag, tilskot til gaupejakkkurs:	kr 12.000,-
Luster sankelag m.fl., ekstraordinært tilsyn grunna fare for jerveskade:	kr 80.000,-
<u>Fylkesmannen, div. møte/arrangement/reise:</u>	<u>kr 10.350,-</u>
<u>SUM:</u>	<u>kr 292.810,-*</u>

\*Tilskot til Jølster sau og geit, kurs kadaversøkshund på kr 14.800,- vart utbetalt for seint til å komme med på 2013 rekneskapen og må difor førast på 2014.

#### 1427.21 Tildelt kr 150.500,-

Sogn og Fjordane skogeigarlag, fellingsforsøk jerv:	kr 42.298,-
Sogn og Fjordane skogeigarlag, kompetanseutvikling fellingslag:	kr 80.000,-
<u>Vaktberedskap:</u>	<u>kr 28.202,-</u>
<u>SUM:</u>	<u>Kr150.500,-</u>

Vi har også i år prioritert å vidareføre støtta til fylkesfellingslaget slik at laget kan oppretthalde og vidareutvikle kompetanse og kan løyse eventuelle tildelte fellingsoppdrag på ein effektiv måte. Vi meiner verdien av å ha eit operativt fellingslag er stort, utfordringane er m.a. at vi ikkje veit når det blir bruk for det.

Deler av tilskot til ekstraordinært tilsyn er kombinert med søk ved bruk av kadaverhund. Spesielt i deler av Luster kommunen er dette aktuelt for å kunne avdekke jerveskade. Vi har og støtta fleire kurs i bruk av hund til kadaversøk, og dette blir positivt motteke av næringa. Det er som alltid eit problem å finne kadaver som kan avdekke tapsårsaker i beiteområda.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Tilskotet til Fortun beitelag er også i år med vekt på gjeting og bruk av vokterhund. NRK viste elles nyleg eit dokumentarinnslag om dette, sjå <http://tv.nrk.no/serie/folk/dksf46001513/19-12-2013 - 19.12.2013> . Beiteområdet ligg, som nemnd i rapporten frå i fjor, på grensa til region 3 og ligg i eit område der det tradisjonelt streifar jerv. Brukarane har hatt låge tap så lenge dei har nytta gjetar og vokterhund, og vi har grunn til å tru at saueeigarane hadde gjeve opp bruken av området utan desse tiltaka.

Generelt er skadeomfanget i Sogn og Fjordane for 2013 lågt i høve til føregåande år. Unntaket er episoden med omfattande jerveskade i Sogndal/Leikanger kommune. Berre i dette eine området vart det erstatta 75 vaksne og 222 lam grunna jerv.

Vi voner også at SNO i 2014 kan oppretthalde nivået på bestandsregistreringa både på jerv og gaupe. For jerv vil vi oppmode om ekstra innsats i skadeområdet i Sogndal.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Hermund Mjelstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi pr. e-post: Miljødirektoratet  
SNO v/Rein-Arne Golf